



Bolig & Eiendom AS
Stølen 26
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3966 - 18/36104

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
30.11.2018

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 123/146 Risa

Byggjestad: Gbnr: 123/146
Tiltakshavar: Bolig & Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Bolig og Eiendom AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 26.11.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden om ferdigattest og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Blankett for søknad om ferdigattest er mangelfull. Det er ikkje erklært at tilstrekkeleg dokumentasjon for drift er overlevert.
2. Oppmålingsrapport syner avvik i høgde frå det som vart godkjent. I søknad om ferdigattest er det ikkje gitt opplysningar om dette utover innmålingsrapport frå Medaas oppmåling. Ved mindre endringar som ikkje krev endringssøknad må det likevel sendast inn oppdaterte teikningar og situasjonsplan som syner rett situasjon ved søknad om ferdigattest.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan 20.12.18. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr



Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkoconsult AS

Mottakarar:

Bolig & Eiendom AS

Stølen 26

5911

ALVERSUND

Bolig & Eiendom AS

Stølen 26

5911

ALVERSUND